



# St.prp. nr. 53

(2008–2009)

---

## Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 3. april 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing og samandrag

---

Olje- og energidepartementet legg med dette fram forslag til ei avsluttande supplering av Verneplan for vassdrag.

Landsplanen for vern av vassdrag blei stadfesta gjennom Stortinget si handsaming av fire verneplanar mellom 1973 og 1992. Ved Stortinget si handsaming av Verneplan IV for vassdrag, jf. St.prp. nr. 118 (1991-92) og Innst.S. nr. 116 (1992-93) blei det slått fast at dette skulle vere den siste verneplanen slik at landsplanen då vart fullført.

Ved handsaming av St.meld. nr. 37 (2000-2001) Om vasskrafta og kraftbalansen i 2001 vedtok Stortinget at verneplanen skulle supplerast. Bakgrunnen var ein erkjenning av at Samla plan for vassdrag ikkje fungerte optimalt og at det var tilrådd å omarbeide Samla plan monaleg, jf. St.meld. nr. 24 (2000-2001). Ein føresetnad for ei slik monaleg omlegging og forenkling av Samla plan var at verneplan for vassdrag blei supplert med ein del av dei vassdraga frå Samla Plan der ulempene og dei negative verknadene ville vera størst ved ei vasskraftutbygging.

Gjennom Stortinget si handsaming av Verneplan I – IV for vassdrag er 341 vassdrag varig verna mot kraftutbygging. I suppleringa som Stortinget handsama i 2005, blei ytterlegare 50 vassdrag verna. 391 vassdrag er no varig verna mot kraftutbygging. Verneplanen inneheld eit stort mangfald av vassdrag og vassdragstypar i alle delar av landet og med alle referanseverdiar.

Departementet syner til at Verneplan I–IV med suppleringar vernar om vassdrag med store naturverdiar. Etter denne avsluttande suppleringa er det verna vassdrag som tilsvarar eit utbyggingspotensial på om lag 45 TWh. På denne bakgrunn finn departementet at ein må vere varsam med å redusere potensialet for fornybar energi gjennom ytterlegare vern, men at ei utviding av verneplanen likevel er aktuell dersom det blir påvist særskilte kvalitetar som manglar i planen. Dette må samstundes vurderast i lys av dagens klimautfordringar og trongen på fornybar energi.

Vern av Vefsna i Nordland blei vurdert under arbeidet med Verneplan IV for vassdrag, jf. St.prp. nr. 118 (1991-92). Resultatet den gongen var at Stortinget gav samtykke til at sidegreina Svenningdalselva ovanfor Trofors vart tatt inn i verneplanen, jf. Innst.S. nr. 116 (1992-93).

I arbeidet med supplering av Verneplanen blei vern av heile nedbørsfeltet til Vefsna vurdert på nytt, jf. St.prp. nr. 75 (2003-2004) og Innst.S. nr. 116 (2004-2005). Av departementet si tilråding går det fram at det er knytt store verneverdiar til Vefsna og at det er ikkje er aktuelt å opne for omfattande kraftutbygging i vassdraget. Departementet føreslo å avvente verneprosessen for å vurdere om det var mogleg å gjennomføre utbygging som ikkje ramma naturverninteressene.

Departementet syner til Regjeringserklæringa der det står at:

«Regjeringa vil verne Vefsnavassdraget fra kraftutbygging ved å inkludere det i Verneplan for vassdrag».

I Regjeringserklæringa står det også at:

«Det opprettes næringsfond i den berørte regionen»

Departementet tilrår at Vefsnavassdraget vert tatt inn i Verneplan for vassdrag.

Det tilrås også å skipe næringsfond for dei berørte kommunane med til saman 150 mill. kroner i eigenkapital. Dette blir nærare omtala i Revidert Nasjonalbudsjett 2009.

Konsekvensane av vern, verneplanens historikk og generelle økonomiske og administrative konsekvensar, er omtala i den generelle delen i proposisjonsteksten til supplerings av Verneplan for vassdrag.

I samband med at Stortinget handsama St.prp. nr.75 (2003-2004) Om supplerings av Verneplan for vassdrag, oppmoda Stortinget Regjeringa om å starte førebuande arbeid med sikte på å verne tre vassdrag som ikkje var foreslått verna i innstillinga frå departementet. Dei tre vassdraga er Tovdalsvassdraget nedanfor Herefosfjorden i Aust-Agder og Vest-Agder, Øystesevassdraget i Hordaland og Langvella i Sør-Trøndelag, jf. Innst.S. nr. 116 (2004-2005).

Forutan Vefsna, tilrår departementet å ta inn nedre Tovdalsvassdraget i verneplanen.

Departementet finn ikkje grunnlag for å verne Langvella.

Når det gjeld Øystese kan ikkje departementet sjå at det er kome fram særskilde verneverdiar i vassdraget. Departementet finn ikkje å kunne tilrå dette vassdraget verna no. Verneverdiane i vassdraget kan best verte vurdert i samband med konsesjonshandsaming av ulike prosjekt. Dersom konsesjonshandsaminga syner at det ikkje er aktuelt med utbygging i vassdraget, kan spørsmålet om vern vurderast på nytt.

I tillegg til forslaga om supplerings av verneplanen, ber departementet om Stortinget sitt samtykke til å konsekvensutgreie og konsesjonshandsame eit kombinert skredsikrings- og kraftutbyggingsprosjekt i Aurland kommune. Departementet tilrår at Stortinget gjev samtykke til vidare handsaming av prosjektet under føresetnad om at regjeringa kjem attende til Stortinget når saka er ferdig handsama av konsesjonsstyresmaktene.

## 2 Økonomiske og administrative konsekvensar av tillegget

I proposisjonen her føreslår Regjeringa å verne vassdrag med eit utbyggingspotensial på om lag

2,15 TWh/år. Av dette utgjer Vefsna om lag 1,8 TWh/år. Dette kraftpotensialet tek utgangspunkt i ei utnytting av vassdraga utan minstevassføring, og kan ikkje samanliknast med kva som kunne blitt bygd ut.

Regjeringa meiner at verdien av å sikre verneverdiane i Vefsna og Tovdal er monaleg større enn fordelane ved krafttilgangen ved utbygging.

Departementet sitt forslag om tillegg til supplerings av Verneplan for vassdrag inneber at vassdragas vernestatus må takast omsyn til i arealplanlegging etter plan- og bygningslova, og ved handsaming etter vassressurslova og anna sektorlovverk.

Departementet sitt forslag om etablering av eit prøveprosjekt for heilskapeleg planlegging i Vefsnavassdraget tilsvarar i stor grad det arbeidet som forskrift om vassforvaltning pålegg gjennomført i alle vassdrag.

Det er aktuelt å sette av særskilde midlar over statsbudsjettet til slik planlegging. Regjeringa vil komme tilbake til saka.

## 3 Planlegging i verna vassdrag

### 3.1 Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPRVV)

Med heimel i plan- og bygningslova § 17-1, er det utarbeida Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPRVV). Retningslinjene gjeld det arealet av vassdragsbeltet som er vassdekkka ved 10-års flaumar med tillegg av ei sone på inntil 100 m. Retningslinjene gjeld også andre delar av nedbørsfeltet som har verdi for vassdraget.

Ved handsaminga av supplerings av Verneplan for vassdrag, jf. Innst.S. nr. 116 (2004-2005), oppmoda Stortinget Regjeringa om:

«å foreta en evaluering av de rikspolitiske retningslinjene for vernede vassdrag og bruken av disse med sikte på en klarere presisering i forhold til vernets hensikt.»

RPRVV presiserer at det er viktig å ta omsyn til verna vassdrag og at kommunane må ta omsyn til verna vassdrag i sin planlegging og verksemd. Sektorstyresmaktene har også eit ansvar for å ta omsyn til verna vassdrag gjennom handsaming etter sektorlovverket.

RPRVV legg opp til at vassdraget og areala nærast dette, bør forvaltast med omsyn til kva for verneverdiar som er tilstades, og kva status areala har (arealtilstand). Retningslina seier og kva for generelle omsyn som er viktig å legge vekt på i forvaltninga av vassdraga.

RPRVV opnar for at kommunane i arealplanlegginga kan legge opp til ein differensiert forvaltning i verna vassdrag. I arealplanlegginga bør kommunane avgrense eit vassdragsbelte langs vassdraga og dele beltet inn i klasser, avhengig av om det er i by- og tettstadsnære område, område med spreidd busetnad, eller område som er lite påverka av menneskeleg aktivitet. For kvar klasse bør kommunen gje retningslinjer for forvaltninga av vassdragsbeltet.

Differensiert forvaltning og planlegging på lokalt nivå var eit hovudmål med RPRVV. Slik planlegging har enno ikkje fått det venta gjennomslaget. Manglande kommunale planar for differensiert forvaltning til bruk i vidare planlegging og enkeltsakshandsaming, krev meir oppfølging frå statlege miljø- og vassdragsstyresmakter enn det RPRVV legg opp til.

Rikspolitiske retningslinjer gjev generelle mål og rammer. Dei gjev ikkje klare svar på korleis den einskildte plan skal utformast. Det er opp til kommunen å vurdere arealtilstand og verneverdiar opp mot trongen for areal ved utarbeiding av planar.

Departementet meiner at RPRVV gjev stort handlingsrom for kommunal planlegging dersom kommunane nyttar den fleksibilitet som ligg i ei differensiert forvaltning av dei verna vassdraga. Departementet er av den oppfatning at det er for tidleg å gjennomføre ei større evaluering av RPRVV no. Departementet vil no sjå på tiltak slik at kommunane i større grad tek i bruk dei verkemidla som finst. I samråd med Miljøverndepartementet vil Olje- og energidepartementet derfor arbeide for å auke kunnskapen hos dei lokale styresmaktene om RPRVV og om differensiert forvaltning. Departementet vil mellom anna vurdere å lage rettleiingsmateriell.

Det er også naudsynt å sjå den framtidige bruken av RPRVV i samheng med EUs rammedirektiv for vatn og den planlegginga som gjennomføringa av direktivet legg opp til, sjå pkt. 3.2. Departementet vil seinare kome attende til Stortinget med ei evaluering.

### 3.2 Vassdirektivet

EUs rammedirektiv for vatn vart gjennomført av forskrift om rammer for vassforvaltninga ved kgl. res. av 15. desember 2006.

Formålet med vassdirektivet er å sikre ein samla og økosystembasert forvaltning av ferskvatn, grunnvatn og kystvatn i Noreg. Samla forvaltningsplanar skal være med på å verje om, og om

naudsynt forbetre, tilhøva i ferskvatn, grunnvatn og kystnære områder.

Forskrifta legg til rette for samarbeid mellom aktørane innan norsk vassforvaltning for å sikre ein heilskapeleg vassforvaltning. Forskrifta legg stor vekt på aktiv medverking og deltaking frå ålmenta.

I alle vassførekomstar skal ein oppretthalde eller oppnå «god tilstand» eller «godt potensial» i tråd med særskilde kriterier. «Godt potensial» er eit miljømål som gjeld for vassførekomstar i kategorien «sterkt modifiserte vassførekomstar» og inneber reduserte krav til økologisk tilstand. Eit vassdrag som er utbygd til vasskraftformål vil være eit typisk eksempel på ein vassførekomst som kan falle inn under denne kategorien. Dersom arbeidet skulle vise at det vil være umogleg eller uforholdsmessig kostnadskrevjande å nå målet om god tilstand eller godt potensial, gjev direktivet og forskrifta høve til å utsette måloppnåinga eller vedta mindre strenge miljømål.

Sektorstyresmakter, fylkeskommunar og kommunar har innanfor eige ansvarsområde, ansvar for å utgreie forslag til tiltak, og å legge grunnlag for fastsetting av miljømål.

Planlegging etter forskrifta skal omfatte alle vassdrag i Noreg, også vassdrag i Verneplan for vassdrag.

Departementet meiner det bør utgreiast nærare korleis forvaltningsplanlegging i verna vassdrag, koordinert med forvaltningsplanlegging etter forskrift om vassforvaltninga, kan medverke til å sikre nasjonale verneverdiar og gi mest mogleg kunnskap på førehand for kommunar og andre aktørar. Departementet meiner det i denne samanhengen bør gjennomførast eit prøveprosjekt med heilskapeleg planlegging i Vefsnavassdraget, sjå pkt. 3.3.

### 3.3 Planlegging i Vefsna

Regjeringa tilrår vern av Vefsna. Sidegreina Svenningdalselva vart verna gjennom handsaminga til Stortinget av St.prp. nr. 118 (1991-92), jf. Innst.S. nr. 116 (1992-93). Tilrådinga inneber at eit vassdrag med stor geografisk utstrekning vert tatt inn i Verneplan for vassdrag. Nedbørsfeltet er meir enn 3500 kvadratkilometer og omfattar fire kommunar.

Verneverdiane i vassdraget er til dels komplekse og ujamt fordelt. Mellom anna er det variasjonar i kor urørt og teknisk påverka vassdraget er, og trongen for differensiert forvaltning er tilsvarende stort.

Departementet foreslår at det vert etablert eit prøveprosjekt med samla vassdragsforvaltning i Vefsna. Planlegginga må følgje rammene i vassdirektivforskrifta og må sjåast i lys av Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, vernevedtaket for Vefsna, og Vefsna som nasjonalt laksevassdrag.

Planlegging etter vassdirektivet følgjer rammene for fylkesdelsplanar, og krev monaleg regional og lokal medverknad.

Ei omfattande kartlegging av Vefsnas nedbørsfelt vil gje betre kunnskap om verneverdiane i dei ulike delane av vassdraget. Auka kunnskap vil gje betre grunnlag for å ta vare på verneverdiane der desse er særleg til stades. Tilsvarande vil kunnskap om kor verneverdiane ikkje er sterke opne for fleksibilitet i forvaltninga av vassdraget. Denne kunnskapen er sentral for forvaltninga av vassdraget. Planen blir vedtatt regionalt som fylkesdelplan, med aktiv deltaking både frå lokale styresmakter og sektorstyresmakter. Planlegginga bør også omfatte sidegreina Svenningdalselva.

Ei samla planlegging i vassdraget kan legge til rette for mindre, skånsam kraftproduksjon i sidevassdrag, der dette ikkje i nokon grad er i strid med verneverdiane. Ei slik planlegging vil gje større tryggleik for verneverdiane og pårekelege rammer for dei ulike brukarinteressene. Alle aktuelle prosjekter skal konsesjonshandsamast. Ingen prosjekt vil bli handsama før planen er godkjent.

Departementet meiner at ei eventuell konsesjonshandsaming kan fristillast frå tidlegare føresetnader om 1 MW som maksimal utbygging i verna vassdrag, av di ein føresetnad er at det nye regimet skal gje tilsvarande tryggleik for verneverdiane. Departementet meiner dette er tilhøve som bør utgreiast nærare som ledd i eit prøveprosjekt med samla planlegging i vassdraget.

Det presiserast at potensialet for mindre kraftverk i Vefsna må reknast som lite av di nedbørsfeltet til Vefsna inneheld store urørte område og verneverdiar knytt til desse.

Ramma for eit prøveprosjekt med heilskapleg forvaltning i Vefsnavassdraget vert forma av miljø- og vassdragsstyresmaktene i samråd med lokale og regionale styresmakter. Arbeidet bør starte med ein gong eit vernevedtak føreligg

## 4 Gyrobehandling av Vefsna

Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vart påvist i Vefsna i 1978. Det er rekna at parasitten gjev eit årleg tap på om lag 50–60 millionar kroner i Vefsn-

regionen. Laksen er rekna som utrydda i vassdraget, men bestanden er bevart levande i genbank og det er og tatt vare på genetisk materiale med tanke på framtidig nyetablering.

Vefsna blei nasjonalt laksevassdrag i 2007 med bakgrunn i vassdragets store potensial for lakseproduksjon.

Vefsna er Nordlands største vassdrag, med eit stort nedbørsfelt og stor vassføring. Kjemisk behandling av vassdraget vil difor vere komplisert og sette sær store krav til planlegging og praktisk gjennomføring. Detaljkartlegging, hydrologiske undersøkingar og simulert behandling vil ein gjennomføre i 2009 med sikte på rotenonbehandling i 2010 og 2011. Som del av behandlinga vil ein styrke kapasiteten for å ta vare på laksestammer i regionen.

## 5 Tiltak for å redusere skredfare i Aurland/Flåm

### 5.1 Bakgrunn

Det er dokumentert at eit stort fjellparti i Aurland kommune i området Stampa er i rørsle mot Aurlandsfjorden og Flåm. Kommunen har med stønad frå Statens Naturskadefond fått utført geologiske undersøkingar i området, kartlagt sprekkesystem og rørsle. Fjellpartiet er ustabil, og det er fare for fjellskred. Det ustabile fjellpartiet er eit av dei største som er kartlagt i Noreg. Eit fjellskred frå Stampaområdet kan gje store øydeleggingar i Flåm og føre til ei øydeleggjande flodbølge i Sognefjorden med sær store negative konsekvensar for mange kommunar langs fjorden.

Aurland kommune og E-Co Vannkraft har saman med geotekniske ekspertar greia ut moglege tiltak som kan redusere skredfaren. Vasstrykket i fjellet er avgjerande for stabiliteten i fjellpartiet. Ved å drenere overflatevatn vekk frå fjellområdet vert grunnvassnivået og vasstrykket i fjellet redusert, og den generelle stabiliteten vil auke. Faren for fjellskred med påfølgjande flodbølge vert dermed redusert. Ved å overføre vatnet frå fjellområda Joasete, Stampa og Gudmedalen over til Viddalsmagasinet gjennom ein fjelltunnel vil vatnet kunne nyttast til å auke kraftproduksjonen i Aurlandsverka med om lag 60 GWh/år.

Gudmedøla er eit sidevassdrag til Flåmsvassdraget som er verna gjennom Verneplan III for vassdrag. Prosjektet kan styresmaktene difor ikkje konsesjonshandsama utan samtykke frå Stortinget. Aurland kommune og E-Co vannkraft har bede

departementet om å gjere det som er naudsynt for at prosjektet kan konsesjonshandsamast.

Aurland kommune og E-Co vannkraft ønskjer i tillegg konsesjonshandsaming av ei overføring frå Vindedalselva, ei anna sideelv til Flåmsvassdraget, til Viddalsmagasinet. Overføringa ville kunne bidra til å redusere flaumfaren i Flåmsvassdraget, og auke kraftproduksjonen i Aurlandsverka med ytterlegare 65 GWh/år. Ved ei ombygging av kraftstasjonen kan overføringa også gje ein større auke i installert effekt.

Vassdraget har høge naturfaglege og kulturfaglege verneverdiar. Flåmselva har stor verdi for friluftsliv og turisme. Flåmsvassdraget er eit av dei få større attverande vassdrag i indre Sogn som ikkje er sterkt prega av vasskraftutbygging, men det er to mindre kraftverk i elva.

## 5.2 Departementet si vurdering

Risikoen for fjellskred i Flåm med etterfølgjande flodbølge i Sognefjorden er samfunnsmessige særst alvorleg. Styresmaktene må difor sette i verk tiltak som kan redusere skredfaren. I følgje utgreiingane som ligg føre, vil dei konkrete forslaga om dreneringstiltak senke grunnvassnivået, forbetre stabiliteten generelt og redusere rørsle i dei ustabile områda. Drenering synest difor å vera eit reelt tiltak som kan redusere faren for skred. Alternativet til drenering er å etablere eit system med overvaking, varsling og evakueringsberedskap. Eit slikt system kan redusere faren for tap av menneskeliv, men vil ikkje redusere skredfaren og dei særst store følgjene eit skred og ei flodbølge kan ha for miljøet og materielle verdiar. Dette talar sterkt for at dreneringsalternativet i Stampa bør greiast ut i detalj.

Det er ikkje kjent kva for verknad ei fråføring av vatn frå sidevassdraget Gudmedøla vil ha for verneverdiane i Flåmsvassdraget. Det er naudsynt å dokumentere verknadene før det eventuelt kan bli aktuelt å gje løyve til ei overføring. Ei konsesjonshandsaming med konsekvensutgreiingar kan syte for slik dokumentasjon.

Samfunnsnytta av å redusere skredfaren er vurdert å vere betydeleg, samstundes som det gjev eit krafttilskot på 60 GWh/år. Departementet fremjar på denne bakgrunn forslag om å opne for konsesjonshandsaming av Stampaprosjektet som omfattar Gudmedøla.

Å opne for konsesjonshandsaming er ikkje eit samtykke til at prosjektet vert realisert, men berre eit samtykke til å utgreie prosjektet vidare. Prosjektet vert lagt fram for Stortinget på nytt når konsesjonssøknaden er ferdig handsama. Det vil i den samanhengen verte klargjort kva for verknad tiltaket vil ha for å stabilisere fjellpartiet, i kor stor grad vassdragets verneverdiar vert påverka og kva for følgjer dette vil ha for vernestatusen til sidevassdraget.

Ei overføring frå Vindedalselva til Viddalsmagasinet kan bidra til å redusere dei største flaumane i vassdraget og kan gje eit verdifullt bidrag til kraftoppdekning. Konsekvensane av flaum i Flåmsvassdraget er i stor grad knytt til skader på materielle verdiar, slik tilfellet er med omsyn til flaum i andre vassdrag. Det flaumdempende prosjektet har ikkje like høg samfunnsnytte som Stampaprosjektet. Departementet viser og til at ei overføring av vatn i denne delen av vassdraget vil påverke heile vassdraget nedstraums overføringa, og såleis røre ved verneverdiane. Departementet meiner det ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å tilrå at det opnast for konsesjonshandsaming av Vindedalselva.

## 6 Olje- og energidepartementet sitt forslag til avsluttande supplerings av Verneplan for vassdrag

### 6.1 Generelle opplysningar

Når det gjeld bruk av namn på vassdraga, er Statens kartverks serie N50 lagt til grunn. Objekta sitt nedbørsfelt er oppgjeve i km<sup>2</sup>, og det er opplyst om kva fylke og kommune dei enkelte objekta ligg i. Det er også gjeve opplysningar om kraftressursane i vassdraget for kvart einskild objekt. Kraftpotensialet er oppgjeve som midlare årsproduksjon. I tillegg til oppgitt kraftpotensial kjem potensial for mindre kraftverk som ikkje er ein del av Samla plan.

I omtalen av dei einskilde vassdraga er det opplyst om kor stor del av vassdragets nedbørsfelt som ligg i inngrepsfrie naturområde. Det er her tatt utgangspunkt i DN's database over «Inngrepsfrie naturområde i Noreg», INON. Det er vidare oppgjeve om vassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag.

Dei vassdraga som er vurdert i samband med supplerings av verneplanen, har eit samla utbyggingspotensial på om lag 2,2 TWh.

## 6.2 Tabell over objekta som er vurdert i verneplanssuppleringa med Regjeringa sitt forslag

Objekt	Fylke	Vassdrag	Areal (km <sup>2</sup> )	GWh*	Regjeringas forslag
052/3	Hordaland	Øystese	45	45	Vernast ikkje. Vern kan vurderast på ny dersom ei konsesjonshandsaming syner at utbygging ikkje er aktuelt i vassdraget
020/3	Aust-Agder, Vest-Agder	Tovdalsvassdraget nedanfor Heresfossfj.	319	350	Vern, Dikeelva vernast ikkje
121/2	Sør-Trøndelag	Langvella	45	21	Vernast ikkje
151/2	Nordland	Vefsna	3562	1791	Vern, Gluggvasselva, Fiskelauselva og Elsvasselva vernast ikkje

\* Kraftpotensialet i tabellen er eit omtrentleg anslag basert på Samla plan- prosjekt og eventuelle andre planar.

## 7 Dei einiskilde objekta

### 052/3 Øystese (Hordaland)

Kommunar:	Kvam
Nedbørfelt:	45 km <sup>2</sup>
Samla plan:	I/3
Kraftpotensial:	45 GWh
Verneplanstatus:	Vassdraget var ikkje med i hovudhøyringa i samband med supplerings av Verneplan for vassdrag

Øystesevassdraget ligg sentralt i Hardanger, i Kvam kommune aust for Bergen. Vassdraget kan karakteriserast som eit fjordvassdrag og har utlaup i Hardangerfjorden. Vassdraget grenser i vest til det verna vassdraget Fosselvi, eit sidevassdrag i øvre delen av Steindalsvassdraget.

Øystesevassdraget ligg i eit område med lite vern av heile nedbørsfelt av denne typen. Vassdraget er relativt lite, med kort avstand frå høgjellet til fjorden. 64 prosent av nedbørsfeltet ligg meir enn 1 km frå tekniske inngrep. Eksisterande inngrep består av ein mindre veg langs Fitjadalsvatnet, samt nokre gardsbruk og hytter. Tettstaden Øystese ligg ved utlaupet. Øystesevassdraget er relativt urøyrd, samtidig som det ligg inn mot ein region med mykje vasskraftproduksjon. Vassdraget er mykje nytta til friluftsliv og rekreasjon.

### Høyringsfråsegner og NVE si vurdering og innstilling

Kvam kommune, Direktoratet for naturforvaltning (DN), reiselivsorganisasjonar og naturvern- og friluftslivsorganisasjonar går inn for vern av heile vassdraget. Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK AS) går imot vern. Selskapet har planar om overføring av øvre del av vassdraget til Samnangervassdraget. Grunneigarane langs elva nedanfor Fitjadalsvatnet går inn for å avgrense vernet til den øvre delen, slik at dei kan realisere planar om å nytte fallet i den nedre delen i eit elvekraftverk. Ein overføring i samsvar med BKK sine planar vil redusere utbyggingspotensialet i den nedre delen. Høyringsfråsegnene syner at det er ulike syn mellom verne- og utbyggingsinteressene, og også motstridande interesser mellom dei ulike utbyggingsinteressene.

Etter NVE si vurdering har Øystesevassdraget kvalitetar som klart kvalifiserar vassdraget til å være ein del av Verneplan for vassdrag. Dei peikar særleg på vassdragets kvalitetar knytta til landskap, variasjonsrikdom i naturtypar frå fjell til fjord, og friluftsliv. Dei syner også til at Øystesevassdraget er eit fjordvassdrag i eit område som er lite representert i verneplanen. Det tilgrensa verna vassdraget Fosselvi dekkjer berre øvre delar av denne type vassdrag.

NVE har vurdert forslaget om å avgrense vernet til den øvre delen (ovanfor utlaupet til Fitjadalsvatnet). NVE går ikkje inn for denne løysinga. Verneplan for vassdrag skal utgjere eit representativt snitt av norske vassdrag med vekt på å verne heile vassdrag med deira dynamikk frå fjell til fjord. Der-

som Øystesevassdraget skal gje eit vesentleg positivt bidrag til verneplanen, bør vernet difor omfatte heile vassdraget. Eit vern som berre omfattar øvre delen vil ha mindre verdi. NVE peikar også på at den nedre delen har natur- og opplevingskvalitetar knytta til det varierte elvelaupet i stryk og fossar, med Ørredalsfossen som eit særleg markert element. NVE legg også vekt på at Øysteseelva er lakse- og sjøauførande i den nedre delen.

NVE tilrår at heile Øystesevassdraget vert tatt inn i verneplanen.

#### *Departementshøyringa og departementet si tilråding*

Hordaland fylkeskommune tilrår at øvre delar av vassdraget, frå Fitjadalsvatnet til fjells, vert tatt inn i verneplanen. Vassdraget nedanfor Fitjadalsvatnet kan nyttast til kraftproduksjon.

Fylkesmannen i Hordaland viser til tidlegare fråsegn og støttar NVE si innstilling om vern av heile vassdraget.

Kvam Herad ønskjer prinsipielt eit delt vern, subsidiært fullt vern.

DN støttar NVE si innstilling.

Naturvernforbundet, Kvam Turlag og Vernelaget for vassdrag i Kvam støttar vern av heile vassdraget.

Departementet syner til at ytterligere vassdragsvern er aktuelt dersom ein kan dokumentere særskilte kvalitetar som ikkje ligg føre i vassdrag som allereie er verna. Departementet kan ikkje sjå at dette er tilfellet for Øystesevassdraget. Gjennom konsesjonshandsaming kan styresmaktene sjå til at slike omsyn vert teke vare på. Dersom konsesjonshandsaminga syner at utbygging av vassdraget ikkje er aktuelt kan spørsmålet om vern vurderast på ny.

Departementet tilrår at Øystesevassdraget ikkje vert tatt inn i Verneplan for vassdrag no.

#### **020/3 Tovdalsvassdraget (Aust-Agder og Vest-Agder)**

Kommunar:	Birkenes, Kristiansand og Iveland
Nedbørfelt:	319 km <sup>2</sup>
Samla plan:	I/5, II/3
Kraftpotensial:	350 GWh
Verneplanstatus:	Tidlegare vurdert i samband med Verneplan for vassdrag.

Den øvre delen av Tovdalsvassdraget er tidlegare verna gjennom to vedtak. Vassdraget ovanfor

Rjukanfossen blei verna i verneplan IV i 1993, mens vassdraget vidare ned til Heresfossfjorden vart verna i supplerings av verneplanen i 2005. For å kunne foreta ein best mogleg fagleg vurdering, har NVE no vurdert vassdraget samla, som eit heilskapleg nedbørsfelt.

Tovdalselva er den einaste større elva på sør-austlandet der sjølve hovudelva renn frå fjell til fjord utan vesentlege kraftinngrep. Hovudelva er 143 km lang. Vassdraget representerer dei store nord-sørgåande vassdraga på søraustlandet. Det går laks opp til og med Heresfossfjorden. Det er gjort omfattande kalking av vassdraget for å oppretthalde laksebestanden. Vassdraget nedanfor Heresfossfjorden er variert med veksling mellom rolege elvelaup med stille loner, stryk og små fossar som skapar liv i landskapet. I dei øvre områda på begge sider av hovuddalføret er elvar og vatn viktige for friluftsliv, landskapsbilete og biologisk mangfald. Frå dalsida kjem store og små bekkar ned til hovuddalen. Dette aukar opplevingsverdien og mangfaldet i vassdragslandskapet. Vassdraget er også rikt på vassdragstilknytta kulturminne.

*Høyringsfråsegner og NVE si vurdering og innstilling*  
Tovdalsvassdragets verneutval, fylkesmannen i Vest-Agder, fylkesmannen i Aust-Agder og Direktoratet for naturforvaltning går inn for vern.

Nokre av høyringspartane stiller spørsmål knytta til vernets omfang og omsynet til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Dei peikar på at vernet ikkje må vere til hinder for næringsutvikling som skogbruk og landbruk. Det vert etterlyst ein gjennomgang av rikspolitiske retningslinjer for å sikre faste rammevilkår. Fleire av høyringspartane går inn for vern under desse føresetnadane. NVE finn ikkje grunn til å kommentere dette, då spørsmålet om innhald i og praktisering av dei rikspolitiske retningslinjene må skje i ein større samanheng.

Agder Energi Produksjon AS er imot at Ogdelen inngår i vernet. Selskapet foreslår også at det vert opna for konsesjonshandsaming av kraftverk med effekt inntil 3 MW, slik det blei gjort ved vern av Bjerkreimsvassdraget.

NVE har tidlegare ikkje handsama Tovdalsvassdraget samla i verneplanen, sjølv om dette har vore foreslått ved fleire høve. Ved vern av den nedre delen av vassdraget vil eit stort vassdrag frå fjell til fjord på søraustlandet bli ein del av verneplanen. Dette vil auke verneplanens kvalitet. NVE ser det som ein føresetnad at også Heresfossfjorden blir tatt med i vernet.

Innsjøen Ogge på vestsida av hovudvassdraget har to utlaup. Eit drenerer til Rettåna, det andre til Dikeelva, begge er sidevassdrag til Tovdalselva. Rettåna har utlaup i den utbygde greina Uldalsåna, mens Dikeelva har utlaup i nedre del av Tovdalselva og er urøyrd av kraftutbygging. Ei eventuell regulering av Ogge vil påverke Dikeelva. NVE meiner Dikeelva med vatnet Ogge og tilhøyrande nedbørsfelt høyrer med i vernet under prinsippet om mest mogleg heilskapleg vassdragsvern. Rettåna frå utlaupet frå Ogge høyrer til den utbygde Uldalsgreina og bør ikkje vernast, fordi det her allereie er omfattande inngrep som ikkje har noko i verneplanen å gjere. NVE rår til at eventuelle nye inngrep i Uldalsgreina vert sett i samheng med at dette er ei sidegrein til eit verna vassdrag, slik at eventuelle konsekvensar ved utlaupet i Heresfossfjorden blir tatt med i vurderinga.

NVE meiner grensa for kraftverk som kan konsesjonshandsamast bør vere 1 MW. Unntaket for Bjerkreimselva bør vurderast som eit særleg høve som bør evaluerast før det eventuelt vert innført i andre vassdrag.

NVE tilrår at nedre delen av Tovdalsvassdraget inkludert Heresfossfjorden blir tatt inn i verneplanen.

#### *Departementshøyringa og departementet si tilråding*

Aust-Agder fylkeskommune tilrår vern av vassdraget. Vernet skal gjelde sjølve vassstrengen. Kommunane bør lage ein plan etter plan- og bygningslova for vassdraget med tilgrensa område.

Vest-Agder fylkeskommune tilrår vern av vassdraget.

Fylkesmannen i Aust-Agder viser til tidlegare høyringsfråsegn og rår til at nedre delar av Tovdalsvassdraget med Herefossfjorden og Ogge/Dikeelva blir tatt inn i Verneplan for vassdrag.

Iveland kommune går i mot vern av Ogge med tilgrensa nedbørsfelt. Kommunen meiner dei kan ta vare på verneverdiane gjennom kommunalt planarbeid.

DN støttar NVE si innstilling.

Departementet meiner at Tovdalselva har særlege vernekvitetar som den einaste større elva på søraustlandet der hovudelva renn frå fjell til fjord utan monalege inngrep frå kraftutbygging. Hovudelva er over 140 km lang. Vassdraget bør difor inngå i Verneplan for vassdrag. Departementet tilrår at nedre del av Tovdalsvassdraget inkludert Heresfossfjorden vert tatt inn i verneplanen. Departementet støttar fylkeskommunens tilråding om kommunal planlegging. Departementet syner

til at Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag legg opp til slik planlegging.

#### **121/2 Langvella (Sør-Trøndelag)**

---

Kommunar:	Oppdal
Nedbørsfelt:	45 km <sup>2</sup>
Samla plan:	I/4
Kraftpotensial:	21 GWh
Verneplanstatus:	Vurdert i tidleg fase av supplerings av Verneplan for vassdrag.

---

Langvella er eit lite sidevassdrag til Byna, som igjen er eit sidevassdrag til Orkla. Av Orkla (3050 km<sup>2</sup>) blei sidevassdraget Svorka (320 km<sup>2</sup>) verna i suppleringa av verneplanen. Ingen andre delar av Orkla er verna. Av vassdrag i nærleiken er Gaulavassdraget og Driva mellom Kongsmo og Hjerkins verna.

Langvella tar til i høgfjellet inn mot Dovrefjellområdet og drenerer mot nord. Elva har eit variert laup. Søbergfossen er eit markert, lokalt landskapselement. Vassdraget har eit urøyrd preg. Einaste inngrep er ein grusveg og 10 sætrar /fritidsbustader. Nedbørsfeltet er del av viktige område for villrein, og ligg i eit område med store friluftssinteresser.

#### *Høyringsfråsegner og NVE si vurdering og innstilling*

Det var sterke ønskjer om vern frå Oppdal kommune som førte til at Stortinget oppmoda om ei vurdering av vern av Langvella. Høyringsfråsegnene syner at det er sterk lokal og regional motstand mot ein planlagd utbygging av vassdraget. Oppdal kommune vedtok i 2005 ein reguleringsplan for delar av Langvelldalen, der området blei regulert til landbruksområde/bevaringsområde mot kraftutbygging.

Trønder Energi AS syner til at vassdraget hadde eit utbyggingsprosjekt som var plassert i kategori I i Samla plan. Under selskapets arbeid med ei utbyggingsløyning vart vassdraget foreslått verna. Selskapet peikar på at dei har nytta mykje ressursar til planlegginga, og stiller seg uforståande til ei utvikling der vassdraget blir verna.

DN uttaler at Langvella er eit lite sidevassdrag som ikkje tilfredsstiller ønskje om vern av heilskapelege vassdrag. Verneverdiane er etter direktoratets meining heller ikkje av eit slikt format at det er ein opplagt kandidat til ein nasjonal verneplan. DN meiner verdiane i Langvella bør kunne sikrast gjennom kommunale planar og planverktyg. Der som dette ikkje lar seg gjere, vil DN likevel støtte at vassdraget blir tatt inn i verneplanen.



NVE er samd med DN i at vassdraget ikkje har tilstrekkelege kvalitetar til å inngå i verneplanen. Vassdraget er eit lite sidevassdrag i eit område med ein type vassdragsnatur som elles er tilstrekkeleg dekkja i verneplanen. Langvella vil difor ikkje tilføre verneplanen noko vesentleg med omsyn til målsettinga om at vassdraga skal utgjere eit representativt snitt av norsk vassdragsnatur. Dei lokale ønskja om å ta vare på dette vassdraget bør etter NVE si meining sikrast gjennom dei normale prosessane etter plan- og bygningslova og vassressurslova.

NVE tilrår ikkje at Langvella blir tatt inn i verneplanen.

#### *Departementshøyringa og departementet si tilråding*

Oppdal kommune ber om at Langvella vert tatt inn i verneplanen.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag viser til verneverdiane, det lokale engasjementet for vern, og fylkesmannens tidligare tilråding om å verne vassdraget.

DN støttar NVE si innstilling.

Departementet syner til at Langvella er eit avsnitt av eit større vassdrag. Verneplan for vassdrag bør innehalde heile vassdragsområde. Vern av mindre avsnitt bør sikrast gjennom andre verneformer enn vassdragsvern, til dømes gjennom planar etter plan- og bygningslova eller gjennom vern etter naturvernlova.

Departementet tilrår at Langvella ikkje går inn i Verneplan for vassdrag.

#### **151/2 Vefsna (Nordland)**

Kommunar:	Vefsn, Grane og Hattfjelldal, (Brønnøy, Bindal og Vevelstad)
Nedbørfelt:	3562 km <sup>2</sup>
Samla plan:	II/13, I/5 unntatt
Kraftpotensial:	1791 GWh
Verneplanstatus:	Vurdert i Verneplan IV for vassdrag, der sidegrena Svenningdalselva blei inntatt. Vurdert i suppleringa der konklusjonen blei utsett.
Nasjonale laksevassdrag:	Vedtatt i runde II, jf. St.prp. nr. 32 (2006-2007) og Innst.S. nr. 183 (2006-2007)

#### *Om Vefsnvassdraget*

I St. prp. nr. 75 (2003-2004) om supplerings av Verneplan for vassdrag står det:

«Vefsnvassdraget er det største vassdraget i Nordland. Det strekker seg inn i Sverige i øst, og munnar ut i Mosjøen i nordvest. Nedbørsfeltet, som strekker seg fra høfjell som når opp i 1700 moh. og ned til kysten og består av flere delfelt. Variasjonen mellom disse er stor. Den komplekse berggrunnen har sammen med isavsmeltingen og klimatiske forskjeller mellom øst og vest, gitt en interessant geomorfologisk utvikling. Et karakteristisk trekk er lange daler som følger strøkretningen, og korte tverrgående sprekkedaler. Denne strukturen førte til dannelse av agnordalar under isavsmeltingen, slik at vannskille flyttet seg gradvis mot øst. Feltet har en rekke klassiske kvartære avsetninger som flere marine grenselokaliteter, terrasselandskap og dødisterreng. Elvas løpsform har stort mangfold. Deltaer og vifter er skapt og flere steder går elva i gjel. I flere av de flate dalbunnene i sidevassdragene meandrer elva. Det finnes flere godt utviklede karstområder. Vefsna er bl.a. lakse- og sjørrettførende, men laksen er truet av Gyrodactylus salaris. Fattig granskog er dominerende, men også rikere skogstyper dekker betydelige arealer. Feltet har flere store myrområder og en rekke større vann. Området har mange arter og plantesamfunn hvorav flere er sjeldne. Vassdraget spenner over uvanlig mange vegetasjonsregioner. Flere våtmarksområder har stor verdi som trekk-, hvile- og hekkeområde for fugl. En rekke rødlistede arter er registrert.

I forhold til størrelsen er vassdraget relativt lite berørt av kraftutbygging. Feltet er velegnet for en rekke friluftaktiviteter, inkludert vannrelaterte aktiviteter. Det varierte landskapet gir særlig stor opplevelsesverdi. Nærheten til Børgefjell nasjonalpark øker bruken av området. 6 naturreservater ligger innenfor nedbørsfeltet. Området er rikt på kulturminner med stort mangfold. De viser ulike etniske gruppers tilpassninger fra steinalderen fram til i dag. Vassdraget er et kjerneområde for reindrift. Alle sesongbeiter er representert og her foregår kalving, oppsamling, flytting, merking, samling med mer. Det reindriftssamiske kulturmiljøet synar kontinuitet i bruken av området over lang tid. Mangfoldet gir høg identitetsverdi. Landbruk er en av de viktigste næringene i de berørte kommunene.»

Styringsgruppa knytt til supplerings av verneplanen uttalar om vassdraget:

«Den største verdien ligger i nedbørsfeltets størrelse i kombinasjon med graden av urørt

het, samtidig som feltet spenner over en høgdegradient fra nær 1700 moh. til fjorden. Dette gir et svært stort geologisk og biologisk mangfold, store opplevelsesverdier og rike friluftsmuligheter. Store verdier er også knyttet til kulturminneinteresser, samiske interesser og landbruk. Vassdraget er noe berørt av kraftutbygging, men de eksisterende overføringene er av marginal betydning for verdiene knyttet til vassdragets helhet, og styringsgruppen foreslår at vassdraget tas inn i verneplanen.»

Tre sidevassdrag er overført til Røssvatnmagasinet i samband med Røssågutbygginga. Dette er Gluggvasselva, Fiskelauselva og Elsvasselva. Ved samlaup med hovudvassdraget har desse sidevassdraga ei restvassføring på mellom 18 og 45 prosent av naturleg vassføring. Til saman utgjær overføringane om lag 6 prosent av samla middelvassføring i Vefsna målt ved utlaup i sjø.

Sidevassdraget Svenningdalselva oppstraums Trofors blei verna gjennom Verneplan IV for vassdrag.

#### Høyringsfråsegner frå arbeidet med supplering av Verneplan for vassdrag,

«Brønnøy kommune har ikke gitt uttalelse til dette vassdraget. Følgende høringsinstanser går imot vern og ønsker en konsekvensutredning av utbyggingsplanene i vassdraget: Hattfjelldal, Grane, Vefsn og Hemnes kommuner, Nordland fylkeskommune og Fylkesmannen i Nordland, Indre Helgeland Regionråd, Sør-Helgeland Regionråd og Helgeland Regionråd (Helgelandskonferansen), Statkraft, Helgelandskraft, Hattfjelldal Jakt- og Fiskelag, Hattfjelldal Arbeidarparti, Hattfjelldal skogeierlag, Hattfjelldal Bondelag og Byrkie reinbeitedistrikt, Hattfjelldal Senterparti og Norges Skogeierforbund. Bindal kommune har ingen kommentarer til vernespørsmålet. Fylkesmannen i Nordland mener alternativt at verneverdiene i vassdraget tilsier vern. Reindriftsforvaltninga, Forum for natur og Friluftsliv i Nordland, Aksjon Vern av Vefsna og Samarbeidsrådet for Naturvernsaker går inn for vern. Statskog viser til at vern må vurderes opp mot virkingene av en eventuell utbygging. Direktoratet for naturforvaltning mener vassdraget er spesielt viktig i verneplanssuppleringen. Fiskeridirektoratet viser til at det er settefisk-, kultiverings- og matfiskinteresser knyttet til vassdraget. Vegdirektoratet viser til at det på sikt vil være nødvendig å utbedre og legge om E6 i området, og at det vil kunne være synergieffekter med en utbygging av vassdraget. NGU viser til at det er viktige forekomster av dolomitt og kalk innenfor vassdragets nedbørsfelt.

Vefsna ble også vurdert i Verneplan IV. En del vassdrag i Helgelandsområdet ble da vurdert under ett, og det ble konkludert med at en utbygging av Hattfjelldalsgrenen og Eiteråga kunne vurderes når kraftbehovet tilsa det. Sidevassdraget Svenningdalselva ble vernet, og en utbygging av store Fiplingdalselva var forutsatt bare å kunne vurderes nedenfor nedre Fiplingdalsvatn.»

NVEs vurdering og tilråding frå arbeidet med supplering av Verneplan for vassdrag:

«NVE mener at vassdragets relative urørthet i forhold til størrelsen sammen med verneverdiene i vassdraget som helhet, klart tilsier at vernegrunnlaget er tilstede slik bl.a. fylkesmannen påpeker. Samstundes har Statkraft presentert utbyggingsplaner som en må forvente vil ha mindre negative miljøkonsekvenser enn eldre utbyggingsplaner. NVE mener også det er av betydning at planene sees i sammenheng med en modernisering og opprusting av eksisterende utbygging i Røssåga.

NVE har forståelse for Vefsn kommune som stiller spørsmålsteget ved den verdi lakseinteressene i vassdraget er gitt i styringsgruppens forslag ut fra at laksestammen er sterkt redusert som følge av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Imidlertid er det NVEs oppfatning at vassdragets potensial i denne forbindelse er udiskutabel og må tillegges vekt. Etablering av fiskesperre i Forsjordfossen er presentert som et mulig tiltak for å bekjempe lakseparasitten i vassdraget, og en slik sperre kan finansieres gjennom at fallet også nyttes til kraftproduksjon, et forhold Statkraft kan være interessert i å vurdere.

Mange uttaleser uttrykker bekymring for vassdragsvernets betydning for øvrig ressursutnyttelse i vassdraget. NVE viser i den sammenheng til omtalen av virkninger av vern i den generelle delen.

NVE kan ikke se bort fra at de nye utbyggingsplanene for Vefsna innebærer en betydelig energiproduksjon. Miljøkonsekvensene av en utbygging må forventes å være redusert i forhold til med tidligere planer. NVE kan heller ikke se bort fra at samstemte høringsuttalelser fra lokale og regionale politiske myndigheter ønsker en konsekvensvurdering av en utbygging i vassdraget. NVE anbefaler ut fra dette at vassdraget ikke vernes, men at en konsekvensutredning kan gjennomføres som grunnlag for en eventuell senere konsesjonsbehandling. En konsekvensutredning bør i den forbindelse redegjøre for konsekvensene for vassdragets samlede verneverdi.

Samtidig anbefales det at store Fiplingdalselva fra nedre Fiplingdalsvatn og oppover gis et formelt vern i samsvar med Stortingets førin-

ger i Verneplan IV for utbygging av dette sidevassdraget.»

#### *Departementshøyringa under suppleringsrunden*

DN, Riksantikvaren og Vefsn og omegn Naturvernforbund går inn for vern av vassdraget. DN legg vekt på at vassdraget er foreslått som nasjonalt laksevassdrag. Vassdraget har ein særleg verdi mellom anna på grunn av storleik og inngrepstatus. Sameetinget går også inn for vern av vassdraget.

Hemnes, Vefsn, Grane og Hattfjelldal kommunar er imot vern av vassdraget. Kommunane meiner det må gjerast ei konsekvensutgreiing av utbygging av vassdraget, og at eit vern no gjer dette umogleg. Nordland fylkeskommune var under suppleringa, mot vern av vassdraget.

Statkraft støttar NVE si innstilling.

Fylkesmannen i Nordland går inn for vern, men støttar samstundes kravet frå kommunane om konsekvensutgreiing av vern, ikkje vern og realisering av prosjektet «Muligheter Helgeland».

#### *Stortingets handsaming under suppleringa*

I St.prp. nr. 75. (2003-2004) skriv departementet:

Departementet går inn for at Vefsna ikke tas med i verneplanen nå. Departementet vil imidlertid komme tilbake med forslag om vern av Vefsna i egen sak der det åpnes for mindre utbyggingsalternativer som kan kombineres med miljøinteressene i vassdraget.

I Innst.S. nr. 116 (2004-2005) seier Stortinget seg samd i departementet si innstilling.

#### *Departementshøyringa og departementet si tilråding*

Nordland fylkeskommune har endra syn og er no positiv til eit vern av Vefsna. Fylkeskommunen ber om at det opnast for nye forvaltningsmodellar der regionale og lokale omsyn takast vare på.

Kommunane Vefsn, Grane, Hattfjelldal og Hemnes syner til tidlegare uttale der dei er i mot vern av vassdraget og at dei ikkje har endra dette standpunktet. Alternativt meiner kommunane at eit vern av Vefsna kan omfatte strekninga Trofors – Mosjøen og at eit slikt vern vil inkludere det som tradisjonelt reknast som elva Vefsna. Med den verna Svenningdalselva får ein då eit samanhengande vern frå fjord til fjell.

Departementet viser til Regjeringserklæringa der det står:

«Regjeringen vil verne Vefsnvassdraget fra kraftutbygging ved å inkludere det i Verneplan for vassdrag».

Departementet meiner at Vefsna har sær store vernekvalitetar. Desse kvalitetane er mellom anna

godt dokumentert av styringsgruppa knytt til suppleringa av verneplanen inntatt i St.prp. nr. 75 (2003-2004). Departementet har på ny vurdert dei krav kommunane har fremja. Departementet har merka seg at konsekvensutgreiing av utbyggingsprosjekt låg til grunn då Stortinget kom til at endelig vedtak skulle takast seinare. Stoda er no at Regjeringa gjennom Regjeringserklæringa vil verne Vefsnvassdraget frå kraftutbygging. Vedtak om vern krev ikkje at utbyggingsprosjekt vert konsekvensutgreia. Departementet synar her til at slikt vedtak vert fatta ved plenarvedtak i Stortinget i tråd med tidlegare vernevedtak i fem omgangar frå 1973 til 2005 bygd på forvaltningslovas krav til sakshandsaming. Reglane om sakshandsaming i naturvernlova og plan- og bygningslova kjem ikkje til bruk her. Departementet er heller ikkje samd med kommunane i deira tilråding om eit redusert vern. Heile nedbørsfeltet slik dette er definert i tidlegare vernedokument, jf. St.prp. nr. 75 (2003-2004) og St.prp. nr. 118 (1991-92) og Stortinget sine føresetnader i Innst.S. nr. 116 (2004-2005), må verte omfatta av vernevedtaket.

Departementet tilrår at Vefsna med sidevassdrag vert tatt inn i verneplan for vassdrag. Eit prøveprosjekt skal samstundes ta til med samla planlegging i vassdraget. Prøveprosjektet kan legge til rette for små kraftverk utan nærare avgrensingar i storleiken på installert effekt der dette ikkje i nokon grad er i strid med verneverdiane. Vernet skal ikkje vere til hinder for tiltak mot *Gyrodactylus salaris*.

Departementet finn at Gluggvasselva, Fiskelauselva og Elvasselva ikkje er verneverdige på grunn av tidlegare kraftinngrep, og tilrår at dei ikkje blir inkludert i verneplanen.

I Regjeringserklæringa står det i samband med vern av Vefsna at:

«Det opprettes næringsfond i den berørte regionen»

Formålet med støtta er å leggje til rette for ny næringsverksemd og nye arbeidsplassar i regionen. Midlane skal nyttast til fysisk og kunnskapsretta infrastruktur, medrekna samarbeidstiltak, nettverk og næringsareal, bedriftsutvikling, medrekna etablerarstipend og opplæring og tilskot til bedrifter ved oppstart og utviding av mindre bedrifter.

Det blir skipa fire separate næringsfond til kommunane Hattfjelldal, Hemnes, Grane og Vefsn på til saman 150 mill. kroner. Midlane blir fordelt med 40 pst. til Hattfjelldal, 40 pst. til Grane, 15 pst. til Vefsn og 5 pst. til Hemnes. Dette blir nærare omtala i Revidert Nasjonalbudsjett 2009.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfestar:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag til vedtak om Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering

### I

Stortinget vedtek at følgjande vassdrag vert tatt inn i Verneplan for vassdrag i det omfang som er framstilt i proposisjonen:

Objekt	Fylke	Vassdrag
020/3	Aust-Agder/ Vest-Agder	Tovdalsvassdraget nedanfor Heresfossfjorden
151/2	Nordland	Vefsna, utan Gluggvasselva, Fiskelauselva og Elsvasselva

### II

Stortinget samtykker i at det i regionalt planprosjekt innan samla vassforvaltning for Vefsna, vert opna for små vasskraftverk utan nærare avgrensingar i storleiken på installert effekt dersom disse ikkje på nokon måte er i strid med verneverdiane.

### III

Stortinget samtykker i konsesjonshandsaming av kombinert skredsikrings- og vasskraftutbyggingsprosjekt i Aurland kommune. Saka vert lagt fram for Stortinget for avgjerd.